

## Aktivitets- kontakter

Skodje kommune v/ koordinerande eining søker etter fleire aktivitetskontakter. For meir informasjon, ta kontakt på tlf. 70 24 40 58 eller 476 85 015.

Søkjar bør ha fylt 18 år. Søknads-skjema på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no).

## Opningstider i jula

### Rådhuset

I romjula (torsdag 27. - fredag 30. desember) er ekspedisjonstida kl. 11.00 - 14.00.

Det er mogleg å gjere avtale med sakshandsamar utanom ekspedisjonstidene, men bemanninga kan vere redusert desse dagane.

Jul- og nyttårsaftan: Stengt.

### Legekontoret

Julaftan, 1. og 2. juledag: Stengt

Tysdag 27. - fredag 30. desember er opningstida kl. 09.00 - 14.00.

Ved behov, kontakt Ålesund legevakt, tlf. 116 117.

### Biblioteket

Siste opningsdag før jul:  
Onsdag 21. desember.

Første opningsdag etter jul:  
Måndag 2. januar.

Skodje kommune  
ønskjer alle  
**God jul**  
og  
**Godt nytt år!**

## Forslag til planstrategi for Skodje 2016-2020 – høyring

Kommunestyret i Skodje vedtok i møte 23.11.16, sak 126/16, å leggje forslag til planstrategi for Skodje 2016-2020 ut til offentlig høyring. Planstrategien er ikkje ein vanleg plan, men ei oversikt over kva planar Skodje kommunestyre ønskjer å prioritere i valperioden.

Høyringsdokument for kommunal planstrategi 2016-2020 syner utviklingstrekk lokalt og regionalt, og gjev ei kortfatta evaluering og oversikt over dei planar som kommunen har i dag innanfor dei ulike tenesteområda.

## Privat brøyting

Ordninga med privat brøyting vart avvikla frå vintersesongen 2014/2015 for Skodjebygda, og frå 2015/2016 for resten av kommunen.

Skodje kommune har brøyteentreprenørar til kommunale vegar i desse grendene:

### Skodjebygda:

- Marius Bondestad, tlf. 907 38 457  
- Halvar Skodje, tlf. 918 50 735

### Håhjem, Valle, Glomset, Brusdal, Utvika:

- Lars Kristian Valde, tlf. 950 47 915

### Engesetdal:

- Oddbjørn Døving, tlf. 918 59 240

### Fylling:

- Halvar Skodje, tlf. 918 50 735

### Stette - Stavset:

- Oddbjørn Døving, tlf. 918 59 240

Brøyting av diverse private vegar i Skodjebygda: Vidar Sunde, tlf. 905 46 715.

Dersom du har behov for brøyting av privat veg, kan du ta kontakt med ein av desse.

## Fyrverkeri

Visste du at det er 18-årsgrense for kjøp og bruk av fyrverkeri, og at det er ulovleg å ta med seg fyrverkeri frå utlandet?

Det er ikkje lov å sende opp nødraketar i samband med nyttårsfeiringa.

Sjekk nettsida [sikkerhverdag.no](http://sikkerhverdag.no). Der er det mange gode tips.

Det er gjennom vedtak om planstrategi, at kommunen vurderer behovet for rullering av kommuneplan og prioriterer dei viktigaste planoppgåvene.

Saksdokumenter er tilgjengeleg på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no), eller ved kontakt med Skodje kommune på tlf. 70 24 40 00.

Innspel til planprioriteringa skal sendast til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje eller til [postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no), innan 10. januar 2017.

## Rekningar frå kommunen

Når du betalar ei rekning frå kommunen, er det viktig at du nyttar KID-nummeret som står på rekninga. Dersom du gløymer dette, vil det kunne ta lang tid før kommunen får registrert kven som har betalt og kva betalinga gjeld.

Eit anna alternativ er å inngå avtale med banken din om å betale rekningar frå kommunen ved å nytte *eFaktura* eller *AvtaleGiro*. Ein slik avtale kan opprettast i nettbanken din, eller ved at du tek kontakt med banken din. Ved å nytte ein av desse betalingsløysningane, slepp du mellom anna å taste KID. Dette er raskt, enkelt og effektivt – både for deg som innbyggjar og for kommunen.

## Hugseliste for bruk av levande lys

- Bruk aldri lysestakar eller lyspynt som er laga av brennbart materiale.
- Plassér lyset med god avstand til brennbare gjenstandar.
- Bruk brannsikert underlag.
- Ikkje set fleire lys saman. Lys som vert plassert nært kvarandre kan smelte og ta fyr.
- Ikkje tenn lys i nærleiken av trekk.
- Gå aldri frå levande lys. Dei som tenner lyset bør ha ansvar for å sløkkje det.

### Barnehagane stengt 2. januar

Alle barnehagane i Skodje held stengt måndag 2. januar 2017 på grunn av planleggingsdag.

### Parkering på kommunale vegar

Teknisk avdeling har motteke ein del klager på at enkelte tek seg til rette og parkerer bilar på snuplassar og langs/på kommunale vegar. Dette er eit stort problem for renovasjonsbilane og brøytemannskapa, og det kan føre til trafikkarfarlege situasjonar.

Bilar som er parkerte på kommunale vegar kan verte taua vekk utan nærare varsel.

### Frosttapping

Det er viktig at alle gjer tiltak for å unngå frosttapping. Leidningar som er utsette for frost må isolerast eller gravast ned på frostfri djupne.

### Avlesing av vassmål

Avlesingskort vert sendt ut før jul til alle som har vassmål. Vi ber om at målareren vert avlest og målarstanden rapportert innan 31. desember.

Du kan registrere avlesinga på nettsida leseav.no eller på SMS. Sjå rettleiing på avlesingskortet.

### Julepapir

Hugs at julepapir/gåvepapir skal kastast i restavfallet, ikkje i papirdunken.

## Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 20. mars. Frist for innlevering til dette nummeret er 14. mars.

# Namn på veg på Skodjereite og område ved Mevatnet

Skodje namnenemd vedtok i møte 03.11.16 å starte namnesak for to adresseparsellar i Skodje: Veg på Skodjereite, og område (hyttefelt) ved Mevatnet. Kva bør namn og skrivemåte vere?

### Adresseparsell (veg) på Skodjereite

Namnenemda legg tre aktuelle namn ut på høyring:

- 1. Reitane.** Grunngeving: Det er dette namnet som blir brukt i daglegtalet, og det er dette dei som vil få adresse der, ønsker.
- 2. Skøyereite.** Grunngeving: Garden heiter Skodjereite, men uttalen er Skøyereite. Skrivemåten Skøyereiten var i følge *Bygdebok for Skodje, Gard og slekt*, brukt som skrivemåte på 16- og 1700-talet. Skøyereite vil dessutan bli eit unikt namn, medan Reitane kan bli eit namn som kan finnast fleire plassar i ein storkommune.
- 3. Skodjereite.** Grunngeving: Garden har skrivemåten Skodjereite. Skodjereite vil også bli eit unikt namn.

### Adresseparsell (område) ved Mevatnet

Namnenemda set fram **Mevatnet hyttegrennd** som aktuelt namn, med slik grunngeving:

Hyttfeltet ligg ved vestenden av Mevatnet.

Namneforslaga blir med dette lagt ut til offentleg høyring etter stadnamnslova § 6.

Reglane om høyring er først og fremst knytt til skrivemåten av namnet.

I Skodje kommune ønskjer vi likevel merknader og innspel også på det som gjeld val av sjølve namnet.

Det er formannskapet som skal gjere endeleg vedtak i namnesaker.

Høyringsfrist er sett til 20. januar 2017.

Merknader og innspel kan sendast til Skodje kommune, kultureininga, rådhuset, 6260 Skodje, eller på epost til [magne.fylling@skodje.kommune.no](mailto:magne.fylling@skodje.kommune.no).

## Frishøgda

Skodje formannskap gjorde i møte 16.11.2016 vedtak om Frishøgda som namn på adresseparsell på Håhjem.

Eventuell klage på vedtaket kan sendast [postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) innan 10. januar.2017.

## UKM

**UKM blir arrangert på Gomerhuset på Skodje søndag 29. januar.**

UKM (Ungdommens Kulturmonstring) er eit nettverk av små lokale festivalar der ungdom mellom 13 og 20 år (lokalmønstringar 10-20 år) kan delta med mange slags kulturuttrykk. Til mønstringa i Skodje i 2017 er det lagt opp til påmelding i tre kategoriar: sceneinnslag, video og utstillingsgjenstandar.

Sjå [ukm.no](http://ukm.no) for meir informasjon og påmelding.



Dette skjer

*Skodje frilynde ungdomslag ønskjer alle i Skodje god jul, og inviterer til julestemning:*

**15. desember kl. 17:00** - Juletefest for store og små på Skodje omsorgssenter, i samarbeid med barnekoret Jubalo.

**28. desember kl. 15:00** er det, tradisjonen tru, Juletefest for alle på Fagerheim (Skodjevegen 475)

**28. desember kl. 19:30** er det Julenøtter, romjulstreff med quiz på Fagerheim. Vel møtt til triveleg romjulskveld med servering.

"Kommunenyt" er utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, og kommunale avdelingar. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
[postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)